



*For solglans over land og hav vi takker deg, vår Far. For duften som du engen gav, vi takker deg, vår Far. For alle blomsters glød og prakt, for skogen i dens grønne drakt og fuglens sang i morgenvakt, vi takker deg, vår Far. (NS 254)*

Nr. 3

63. årgang

Allehelgen 2022



#### Tekst 1. Kor 13

4 Kjærleiken er tolmodig, kjærleiken er velvillig, misunner ikkje, skryter ikkje, er ikkje hovmodig.

5 Kjærleiken krenkjer ikkje, søker ikkje sitt eige, er ikkje oppfarande, gøymer ikkje på det vonde.

6 Han gleder seg ikkje ved urett, men gleder seg ved sanninga.

7 Alt held han ut, alt trur han, alt vonar han, alt toler han.

8 Kjærleiken tek aldri slutt.

Å møte det tunge; vanskelege eller urimelege situasjonar, skjer oss alle ein eller annan stad i livet.

Allehelgensøndag minner oss om dette. Nokon har mista sine, i år var det vår tur. No er det eg som er fortvila og kjenner på uvisse og sorg.

**Noomi og svigerdøtrene**

I Ruts bok i Det gamle testamentet skjer dette. Tre kvinner kjem i ein situasjon der dei mister ektefellene sine og så må flykte frå landet sitt! Desse tre kvinnene møtte sorga og utfordringane på ulike måtar. Les gjerne Ruts bok, den har kun fire kapittel og endar godt.

**Gud har forandra seg**

Kvinnene i Ruts bok resonerte at Gud var sint på dei, at det var difor ulykka råka dei. Krigsoffer frå Ukraina funderer på det same. Norske konfirmantar, derimot, uttrykker at Gud er glade i dei, medan fleire og fleire nordmenn utelukker Gud som eit alternativ i si livstolking. Eg møter desse ulike måtene å tenke på og oppdagar at mange av dei gamle gudsbileta er utdaterte, og kanskje har me som kyrkje vore for lite flinke til vise fram utviklinga i måtar å tenke om Gud på?

Sally McFague levde eit langt liv og var professor i teologi. I sitt arbeid kom ho fram til at Gud identifiserte seg så tett og sterkt til skaparverket, at det ville være meir saksvarande å forstå kloden som Guds kropp – det er inkarnasjonen sin det! Gud distanserer seg altså ikkje

frå sorga, døden og trengslene – tvert om: Gud lir – nettopp med skapningen, kloden, flyktningane, barnet som vert slått heime, den som sit åleine att med sorga, ja med alle som lir. Nemninga Immanuel, som er hebraisk for «Gud med oss», får ei enno sterkare meining når ein tenker slik om Gud.

**Eller ikkje?**

Har Gud endra seg? Mulig. Eller er det så enkelt at me lærer heile livet, dersom me vil, og slik opplever og forstår nye sider også ved Gud sjølv. I så fall er det me som endrar oss og ikkje Gud. Lat oss seie at Gud er som eit tre som endrar seg gjennom årstidene og åra, men forblir eit tre heile vegen. Gud kan altså framleis være Gud utan definisjonen «Gud er sint på oss».

Jesus seier om Gud at Gud er sjølv kjærleiken og at det er når me elsker kvarandre at Gud kjem til sin rett (Johannes 15, fritt omsett). Dei tre kvinnene i Ruts bok tok sine val basert på kjærleik. Dei ville kvarandre vel og handla i tråd med det. Konkret fekk det ulikt utfall for dei tre, men motivasjonen var den same. Dei sette kvarandre fri til å ta sjølvstendige val, og deretter

respekterte dei vala.

Det er ikkje sikkert nokon av oss tenker på store ord som Gud og kjærleik når me møter kvarandre si sorg, sender kondolansekort, slår av ein ekstra prat, eller gir ei hand her og der. Det er heller ikkje poenget. Poenget er nettopp den enkle konkrete handlinga. Ingenting anna.

**God Allehelgen.**

4 Gud er tolmogig, Gud er velvillig, misunner ikkje, skryter ikkje, er ikkje hovmogig.

5 Gud krenkjer ikkje, søkjer ikkje sitt eige, er ikkje oppfarande, gøymer ikkje på det vonde.

6 Gud gleder seg ikkje ved urett, men gleder seg ved sanninga.

7 Alt held Gud ut, alt trur han, alt vonar han, alt toler han.

8 Gud tek aldri slutt.

**Ingebjørg Vik Laugaland**  
**Sokneprest i Vang**

**VANG KYRKJE**

Tyinvegen 5145  
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Helge Lajord  
Kyrkjetenar: Ola Bøland  
Soknerådsleiar: Rita Helen Dalemark  
rita.helen.dalemark@vang.kommune.no  
Kontonr: 2146.60.18764  
Vipps 590297

**HEENSÅSEN KYRKJE**

Hensåsvegen 300  
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Solveig Heimlid  
Kyrkjetenar: Tore Hovda  
Kyrkjevevje: Håkon Berge  
Soknerådsleiar: Ragni Almanning  
ragni.almanning@gmail.com  
Kontonr: 2146.30.09721  
Vipps 129651

**ST. TOMASKYRKJA**

Filefjellvegen 715  
2978 Tyinkryssset

Klokkar: Ola Bøland  
Kyrkjetenar: Olav Bøland  
Kontonr: 2146.60.04674  
Vipps 118656

**HØRE STAVKYRKJE**

Hørevegen 350  
2973 Ryfoss

Klokkar: Geir Kongslie  
Kyrkjetenar: Odd Helge Rudi  
Kyrkjevevje: Andris Kjøs  
Soknerådsleiar:  
Marta Bjørnøy Lalim  
martalalim@gmail.com  
Kontonr: 2146.30.09969  
Vipps 544817

**ØYE KYRKJE OG  
ØYE STAVKYRKJE**

Øyevegen 130/135  
2977 Øye

Klokkar: Ola Bøland  
Kyrkjetenar: Olav Bøland  
Kyrkjevevje: Ove Trøen  
Soknerådsleiar: Torild Øye  
torild1707@gmail.com  
Kontonr: 2146.20.55304  
Vipps 118656

**TILSETTE:**

**Sokneprest:**  
Ingebjørg Vik Laugaland  
Tlf: 926 53 320  
e-post: il597@kirken.no  
Presten har kontor på Drengestøga.  
Ta kontakt på telefon for avtale.

**Kyrkjekontoret på Klokkarhaugen**  
Dagleg leiar: Guro Hovda  
e-post: gh575@kirken.no

Tlf: 61 36 95 90  
Kontortid: 08.30-15.30

**Kantor i alle kyrkjer: Arthur Bødvytis**

**Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:**  
Nils Bjarne Wangensteen  
Tlf: 926 67 124  
**Felles e-post:**  
post.vangivaldres@kirken.no

Neste menighetsblad utkommer uke 47, frist for innsending av tekst og bilder er 28. oktober 2022. Bidrag sendes på epost til [vangmenighetsblad@gmail.com](mailto:vangmenighetsblad@gmail.com)

Framsidedfoto: Ivar Hagerup.

### Hipp hurra!

Da jeg begynte i jobben som kirkeverge 1. august 1997, var arbeidet allerede i gang for å lage en permanent ordning for slukkevann til Øye stavkirke. Kommunen hadde starta arbeidet i 1994, men da fellesrådet ble oppretta i 1997, fikk jeg saken på bordet. Et teknisk rom og slokkevann fra høydebasseng var første prioritet, slik at den midlertidige kontaineren kunne fjernes. Vi så fort at behov for utvidelse av kirkegården ville komme, og også ny vei til kirken, som ikke risikerer å drive igjen med snø mens folk er i kirken.

Det har vært 25 år med utallige befaringer, møter og telefoner i disse årene, og diskusjonen om økonomi og om plassering av teknisk rom har gjort at

dette har dratt ut. Men nå har sikkert mange registrert at det er full fart med graving og bygging mellom kirkene. I velkomstbygget, som vi ønsker å kalle det, er det laga teknisk rom i kjelleren, det blir toaletter for begge kirkene og et stort rom som kan brukes til møter med 6-8 personer, og dette kan tas i bruk før jul i år. Vinteren blir brukt til å innrede utstillingen, og da blir det innvielsesfest i Øye tidlig i juni.

Det nye kirkegårdsfeltet med navna minnelund er snart klart. Og vei og parkering skal også være klare i høst. Til våren blir arbeidet på nåværende parkeringsplass gjort ferdig.

Det har tatt lang tid, men dette tror jeg blir veldig bra! Hipp hurra!



### Tilstand på kirkene

Teknisk etat har vært med på en runde i alle kirker og vurdert tilstanden på både kirkene, bårhus og kirkegårds-murer. Kirkene er i ganske god stand, men det er en del som bør gjøres. Fellesrådet har satt opp en 4 års-plan, og må be kommunen om bistand til dette. Det er snakk om mange penger, men det er om å gjøre å vedlikeholde før de blir i dårligere stand.

God høst til alle.

Guro Hovda

## Bytte jobb for ein dag?

Eg har tenkt å ha ein bytte-jobb-for-ein-dag-serie i 2023. Målet er å auke gjensidig forståing mellom kyrkje og samfunn.

Konseptet er altså ein slags byttehandel: Eg prøver meg i din jobb for ein dag, og du kan utfolde deg i min, helst på ein søndag. Mest truleg vil dette føre til at begge parter har endel spørsmål – og det er nettopp desse eg er ute etter.

Eg håpar på denne måten å få prøve mange spennande yrke i 2023! – men lurar nok litt på kor populært mitt yrke er.

Det kan jo være at du ikkje drøymmer om å få sei di hjartans meining frå preikestolen i kyrkja, men har likevel endel spørsmål du godt kunne tenkt deg å stille om kyrkja. Det vil også være i tråd med målsetjinga om å auke gjensidig forståing mellom kyrkje og samfunn.

Finne meg no i haust, så lagar me bytte-jobb-for-ein-dag konseptet saman!

Ingebjørg Vik Laugaland



# Morgon mellom fjella

Denne salmen vart skreven av ukjent amerikansk forfatter omkring 1850. Melodi av Karl Henrich Ernst Hauer før 1852.

Salmen skildrar morgonstemning og handlar om at Gud er god som lar oss sjå og høyra og nyta landskap og lydar og det som er og kor heldige me er som får lov å leva og nyta alt dette.

Dessutan er han skreven på nynorsk og det er bra. I salmeboka er det også ein tekst på samisk. Den eignar seg godt i alle gudstenester og kanskje spesielt på ei stølsmesse ute. Den har ein fin melodi og er god å syngja.

Ola Bøland

(Redaksjonen seier seg svært lei for at denne teksten vart feil i pinsenummeret av Menighetsbladet. Rett tekst kjem difor no.)





Foto: Oddvin Almenning

Morgon mellom fjella!  
Høyr kor bekk og flod  
klukkar over hella,  
jublar: Gud er god,  
Gud er god.

Sjå kor dagen sender  
lys i overflod.  
Dal og fjell og strender  
svarar: Gud er god,  
Gud er god.

Heile skogen glitrar!  
Med sitt yre blod  
alle fuglar kvitrar,  
jublar: Gud er god,  
Gud er god.

Vakne, sjel, Gud gjorde  
meir enn du forstod.  
Kom, syng med i koret:  
Gud, vår Gud er god,  
Gud er god.

## Drop-in-dåp i St. Tomaskyrkja

Me er etterkvart mange i Vang som er opptekne av å opne kyrkjene, bruke dei meir og til meir. Fleire sokneråd har jobba med denne saka i fleire periodar.

I sommar har me prøvd ut å halde St. Tomaskyrkja meir open også når det ikkje er annonsert gudsteneste eller konsert. Me som har arbeidet vårt i kyrkja, har vore vertskap på omgang, og då det var min tur å være på St. Tomas, annonserte me drop-in dåp.

Drop-in-dåp er eit initiativ frå Hamar bispedømme og handlar om at dåpen også kan skje med andre rammer enn høgmesse.

Det vart jammen dåp på St. Tomas på drop-in-dagen. Det heile skjedde i all enkelheit, men var også høgtidleg og

fint! Dåpskandidaten var absolutt stor nok til å svare sjølv på om han ville bli døypt, og etterpå hadde me ein liten samtale om kva Jesus seier om dåpen. St. Tomaskyrkja var open fem søndagar i sommar, og då eg var der, slo det meg kor mange som kom inn for å ikkje berre sjå, men også fortelje! Fortelje om seg sjølv, om kor dei kom ifrå, kvifor dei stoppa, når dei var her sist, ja alt mulig. Det var faktisk ein tydeleg kontrast til gudstenesta, der folk kjem, men utan å komme særlig til orde.

Dette var for meg meiningsfullt og interessant.

Mykje er likevel ugjort: me bør henge opp betre skilt og vimplar for å fortelje at her er ei open kyrkje for alle. Me



Oliver valgte drop in-dåp.

som er vertskap har ei viktig rolle og må ikkje være i vegen, men likevel i nærheten. Folk som kjem må ikkje kjenne seg overvåka.

Ingebjørg Vik Laugaland

## Ny port

Det har meldt seg et behov for å få bredere port inn til St. Tomaskyrkja, spesielt med tanke på snøbrøyting. Nils Torstein Hermundstad i Øye sokneråd forteller at Odd Egge har laget den smale gangporten i midten dobbelt så bred som før. Den utvidede porten kom på plass i sommer.

Foto: Odd Egge



## Døde i Vang det siste året (oktober 2021 - september 2022)



### Høre sokn:

Randi E. Veflen  
Olaug Leithe  
Anita Kristine Thune  
Arnfinn Kvam  
Grete Karin Helle  
Roger Egge

### Øye sokn:

Olaf Holien  
Nils Lunde  
Sigrid Holien  
Håvard Hermundstad  
Gudbrand Hermundstad  
Jorunn Haugen

### Heensåsen sokn:

Heinz Olaf Kassel  
Arne Torvald Gjevre  
Tove Gjevre  
Kristoffer Heen  
Per Joar Helsingeng  
Falk Granlund  
Bertha Margrethe Lokreim  
Kristoffer Jevne



### Vang sokn:

Einar Reidar Bø  
Kirsten Kvam  
Jørgine Marie Bø

## Trosopplæring

Trosopplæring har vært et av Den norske kirkes hovedsatsingsområder i mange år. «På samme måte som nyfødte må lære livet å kjenne, må de lære å kjenne den troen de er døpte til. Slik hører trosopplæring sammen med dåpen.» «Det er utviklet en systematisk trosopplæring for alle døpte mellom 0 og 18 år, som skal legge til rette for at barn og unge skal kunne fastholde sin dåp og utvikle sitt forhold til troen og den kirken de er en del av.» «Trosopplæringen skal rette seg mot bredden av de døpte i årskullene og være tilrettelagt for den enkelte, uavhengig av funksjonsevne, livssituasjon, kjønn og etnisk bakgrunn.»

Så langt fra nettsidene til kirken.no. Det ble utarbeidet et opplegg for trosopplæring fra sentralt hold, som ble innført omkring 2010, finansiert av statlige midler. Her i Valdres var det i mange år Etnedal kirkelige fellesråd som organiserte og fordelte midlene til de andre fellesrådene, men fra 2022 styrer hvert fellesråd trosopplæringen helt selv.

I Vang er det Anne Lajord Belsheim og Guro Hovda som har vært trosopplærere i hver sin 10 % stilling i omkring 10 år nå. Bispedømmekontoret finansierer både lønn og driftsutgifter. Anne og Guro fordeler oppgavene mellom seg, i stor grad slik at Guro ordner det administrative og Anne det praktiske. En del arrangementer gjennomfører de sammen, Ingebjørg prest er med på en god del, og organist Artur på det musikalske. Det er en stor fordel å ha flere å fordele oppgavene på – så de kunne ha ønsket seg flere frivillige til å delta. Anne og Guro er også veldig tydelige på fordelene ved at det hele er lokalt forankret, både med opplegg, organisering, informasjon og gjennomføring.

De forteller at mye av opplegget er utarbeidet fra sentralt hold i kirken. Det er ikke krav om å bruke dette spesifikke opplegget, bare krav om et visst antall timer, så de har gitt en del av det ferdige opplegget «på båten» og lagt til en del annet ut fra lokale forhold. Spesielt nevner de opplegget for 6-åringer. Dette går over seks kvelder og har de



siste årene har vært basert på en bok Ingebjørg prest selv har skrevet og med henne som hovedansvarlig for opplegget. Som kjent er hun «et funn» med barn og evner å få frem budskapet på en fengende måte.

Trosopplæringen inneholder tiltak tilrettelagt for hvert alderstrinn fra 0 til 15 år – lenger opp i alder har man foreløpig ikke kommet i Vang. Det hele innledes med dåpsamtale med presten før dåpen, så er det babysang flere ganger i første leveår, deretter krøllekveld, og så går det slag i slag med utdeling av 4-årsbøker, førjulsmoro for 5-åringer, Tårnagentdag for 8-åringer og Lys våken for 11-åringer – bare for å nevne noe. Mange av tiltakene avsluttes med en gudstjeneste. Det største og kanskje viktigste enkeltelementet i trosopplæ-

ringen er alt som skjer i tilslutning til konfirmasjonen.

Formelt er det soknene som har ansvar for trosopplæringen. Med de små soknene i Vang er det duket for at de ulike tiltakene gjennomføres felles for alle soknene, men de fordeles på de ulike kirkene. Tårnagentdagen for 11-åringer foregår i og omkring begge kirkene i Øye, med diverse oppgaver for agenter, som blant annet skal finne ting som er gjemt. Mottoet er: let, så skal du finne. Ettermiddagen avsluttes med kveldsmesse i Øye kirke, hvor agentene har noen oppgaver. Og Lys våken er lagt til Vang. Anne og Guro forteller livlig om denne ettermiddagen, der det er skattejakt i mørket rundt omkring i Vang sentrum, og underveis har deltakerne diverse spennende opplevelser før de

finner skatten. Spennende er det også å overnatte i kirken, før hele opplegget avsluttes med gudstjeneste neste dag, hvor Lys våken-gjengen deltar aktivt.

Det mangler ikke på planer om nye tiltak heller. Ønsket er å få til et korprosjekt for 9- og 10-åringer, en eller annen form for kirkegårdsvandring og et eller annet i Makkenparken på Mjøsvang. Følg med, følg med! Informasjon legges ut på Facebooksiden til Kyrkja i Vang.

Og under alle tiltakene ligger det kristne i bunnen, mens morsomme og engasjerende opplevelser bygges opp – gjerne med lokalt tilsnitt. Det ligger mye tanke og engasjement bak det hele. Og fremmøtet er veldig bra – også gjennom koronapandemien, hvor enkelte tiltak ble streamet og ble sett av både barn, foreldre og besteforeldre.

Det er dessverre ikke tillatt å sende ut invitasjon til andre enn de som er døpt, men også udøpte er hjertelig velkomne. Og skulle det være få fremmøtte en gang, kjøres opplegget likevel, for alle som kommer er like viktige, uansett antall.



Ny, konkret plan for gjennomføring av trosopplæringen er snart ferdig, men skal godkjennes av soknerådene og av biskopen. Dette blir del av en større, sammenhengende plan for arbeidet i kirken i Vang.

Anne og Guro snakker lenge og engasjert om trosopplæringen og sine opp-

levelser gjennom disse årene. Det er tydelig at de liker å drive med dette. Og mange barn og unge i kommunen har hatt gode og morsomme opplevelser sammen med Anne og Guro.

Tekst: Sidsel Offergaard Jevne

Foto fra Tårnagenthelg 2022: Guro Hovda

## Stølsmesse på Mugnestølen

Dagen for stølsmesse på Mugnestølen, 21. august, kom med sol, regn, vind og pluss sju grader. Vi vart fort einige om at vi måtte vere inne når veret var så ustabil. Det kom folk frå nord og sør, og til slutt var vi 29 personer som hadde funne vegen austom Slettefjellet for å vere med på messe denne dagen. Inne i stova var det plass til alle, og kanskje vart det litt varmt for dei som hadde kledd seg for å sitje ute.

Solveig Heimlid starta med å ynskje alle hjarteleg velkomne til messe. Bjørg Berge og Ivar Hemsing spelte til alle salmar, samt til preludium og postludium. Det var vart og vakkert å høyre på desse to, det passar veldig godt saman med langeleik og trekkspel. Ingebjørg heldt ei flott preike som fekk fram både latter og god stemning om identitet og tilhøyrighet.

Det var mange gode songarar her denne dagen, og det gav ein heilt spesiell følelse å få vere med og sitte midt i sangen når ein sit så tett.

Innan messa var ferdig, hadde vi hatt tre regnbyger ute og var glade for at vi kunne vere inne ilag. Etter messa var det servering av kaffe, kaker og lappar, ekte stølskost må det vere. Vi fekk plass rundt to bord og alteret. Det var god stemning og praten gjekk livleg rundt borda.

Ein stor takk til alle som kom for å vere med oss på stølsmesse på Mugnestølen denne dagen. Og ein ekstra stor takk til alle i stølslaget som hjalp til og bidro med kaker, kaffe og rumme.

Tekst og foto:

Ragni Havro Almenning



## Ordinasjon i Vang kyrkje

Solveig Vatn Weisser har studert teologi på MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn i Oslo og ynskte å ordinerast i Vang kyrkje 17. juli 2022. Det vart ein flott og minnerik dag.

Solveig flytta til Vang med familien sin i 1994, då var ho tre månader gamal. Heile oppveksten sin hadde ho i prestegarden i Vang, i lag med foreldra Eli og Carl Philip og brørne Philip Andreas, Johannes, Ola Magnus og Thomas Immanuel. At ho ville tilbake til røtene i Vang denne dagen, var det mange som sette pris på. Den fint pynta kyrkja var nesten full av familie, og vener frå Vang og fleire kantar av landet.

Gudstenesta starta med Ola som kalla til messe med klokkene og Helge som informerte om gudstenesta.

Først i prosesjonen kom soknerådsleiar Rita Helen Dalemark med prosesjonskrossen, og etter kom medverkande prestar og andre, og til sist kom Solveig i lag med biskop Solveig Fiske. Ved orgelet sat Thomas Immanuel og spelte eit flott preludium.

Vår eigen sokneprest Ingebjørg var liturg på samlingsbøna saman med klokkar Helge, og Carl Philip og biskop Solveig var og liturgar utover i gudstenesta. Ordinasjon er ei innviing til kyrkjeleg teneste. Det skjedde ved at ordinanden Solveig ga eit løfte der ho lova å forkynde Guds ord etter Bibelen og kyrkja si vedkjenning, forvalte sakramenta etter Jesu Kristi innstifting og kyrkja sin orden, formane kyrkjelyden til omvendning, tru og heilagging, samt sjølv å leve etter Guds ord og å stadig fortsetje med teologisk fordjuping. Deretter knelte ho mens biskop, prestar, andre medverkande og kyrkjelyden bad for henne under bøn og handspålegging. Denne dagen er eit tidsskilje – frå å vere student til å tene menneske i alle livssituasjonar.

Solveig er med i Gyda trio som oppstod på MF i studietida. Dei framførte Kirken den er et gammelt hus, med Solveig på langeleik, Carl Petter Opsahl på saksofon og Torhild Larsen Nygård med nydeleg song.

Solveig held ei svært god preike med teksta frå Markusevangeliet kap. 3 om

då Jesus kalla apostlane til teneste. Ho la inn ein ny tanke – kva forlét dei 12 mennene? Livspartner, barn og anna familie som var avhengig av arbeidet og inntekta deira? Han valde ut menn frå alle samfunnslag og opna for eit fellesskap for alle. På denne måten valde Jesus å endre samfunnsstrukturen radikalt. Forfattaren av Markusevangeliet trekker og fram sabbatskulturen og kva ein har lov til og ikkje lov til på sabbaten. Jesus tek eit oppgjær med dette og endrar samfunnsstrukturen på den måten og. Solveig snakka seg varm og var ut og inn av manus, som tyder på at ho er trygg i rolla som prest, og takla dette svært godt.

Gamle preikestoltrapper er ikkje alltid gode å gå i, særleg med prestekjole og kanskje eit letta hjarte for at preika gjekk så bra, så Solveig var uheldig og datt ned trappa. Lett kaos oppstod for å sjå at det gjekk bra, men med både doktor og sjukepleiar i kyrkjelyden, fekk ho godt stell. Ein forstua ankel vart resultatet, og dermed tok dei andre prestane over Solveigs oppgåver vidare.

Gudstenesta heldt fram med forbøn og nattverd ved intinksjon på to stader i kyrkja.

Utgangsprosesjonen vart annleis enn planlagt. Solveig og Solveig sat på kvar sin stol i kordøra, og alle gjekk dit for å gratulere og takke. Thomas Immanuel briljerte på orgelet med Eklundapolska nr. 3, så det freista å danse ut av kyrkja. Etter gudstenesta var alle invitert til kyrkjekaffi på VBU, der sokneråda i Vang sto klare med fint pynta bord, kaffi og te i kannene, og eit stort kakebord.

Ingebjørg leia forsamlinga godt gjennom programmet, som bestod av fleire salmar/songar som passa til årstida og til Solveig sitt virke framover. Fleire hadde helsingar. Carl Petter Opsahl, som m.a. har vore læraren hennar på MF, meinte at Solveig ikkje var skikkelig ordinert før det vart framført ein «ordinasjonsmarsj», så då laga han ein, som han framførte, med inspirasjon frå Gudbrandsdalen, Rendalen og kyrkje-klokkene i Valdres.

Ingebjørg gav Solveig ei bok ho sjølv



fekk då ho vart ordinert – ei bok til bruk, som ho sa. Den heiter *Imago Dei*, av Thomas A. Kempis. Prostiprest i Drammen prosti Berit Basmo Kvidaland, som for øvrig er svigermor til Solveig, ville og gi Solveig ein ting ho sjølv fekk då ho vart ordinert: ein lysestake, som skal lyse for Solveig og alle andre, med både farga og kvite lys.

Kristin Lajord trakk nokre liner bakover i tid. I Vang kyrkje har det vore tre ordinasjonar av kvinnelege prestar tidlegare (ingen menn) – det er Rannveig Gjevre av biskop Georg Hille, Lene Lajord og Solveigs mor Eli av biskop Rose Marie Køhn og no Solveig av biskop Solveig Fiske. No får vi snart ny biskop, så vi får arbeide for at den nye biskopen også får ordinere nokon i Vang.

Geir Viknes er kollega og no prest i Haltingdal. Han la m.a. vekt på at Solveig skulle møte menneske med det gode ho hadde i seg – då gjev ho det beste til dei ho møter. Han las diktet «Men størst av alt» av Åse Marie Nesse.

Carl Philip og Eli heldt tale saman, og Carl Philip starta med å snakke om røter og kor viktige dei er, men også om at det er fint å sleppe taket og fly. Solveig har gode røter i Vang, og han las diktet til Bjørn Skøre: *Tiriltunga*, som finn næring i røtene som går djupt, og han song og songen *Drøm* av Erik Bye om å gi draumane venger. Eli syntest det var så flott å sjå Solveig så trygg og tydeleg på preikestolen, og det var sterkt at kyrkjelyden applauderte når vi såg Solveig på beina etter fallet. Ho peika på kor stødig Solveig er i forkyninga si og at ho tenker godt sjølv. Korset som Eli har

brukt lenge, gav ho til Solveig.

Til slutt var det biskop Solveig som fekk ordet. Ho hadde med ei bok om Hamar bispedøme si historie fram til 50-talet – «er ikkje det spennande?» la ho til med eit smil. Den neste boka skal ho få når ho blir prest i Hamar bispedøme. Ho fekk og ein glasengel, laga av tidlegare prost Anne Hilde Øigarden. Den skal

minne Solveig om den gode bodskapen ho skal formidle. Ho slutta med det vesle diktet av Hans Børli NÅ:

Nå.  
Et meget lite ord.  
Nå.  
Likevel rommer det hele evigheten.

Nyordinerte Solveig lyste velsigninga til slutt.

Takk til Solveig som ville gje oss denne dagen her i Vang, til biskop Solveig og alle andre deltakarar med store og små oppgåver som var med og gjorde dagen minnerik for oss alle.

Vi ynskjer Guds velsigning over tenesta di, Solveig, og lykke til som kapellan i Vardåsen i Asker.

Tekst og foto:  
Guro Hovda



*Men størst av alt* av Åse-Marie Nesse

Og Noah bygde si ark av age for Herren  
og Abraham vandra til Kana'ans land i lydnad  
og Isak vakta sin veksande hjord i truskap  
men Jakob tente i fjorten år av kjærleik

Og Moses førte sitt folk til fridom med styrke  
og David dikta og dansa i all sin velde  
og Salomo reiste eit tempel og rådde med visdom  
men Rut sank livslange kornband av kjærleik

Og Elias tala med glød og profetiske gåver  
Og Daniel tydde skrifta på veggen med kunnskap  
Og Amos tordna mot vantru med heilag harme  
Men Hoseas fekk kraft til å tilgi av kjærleik

Og Døyparen preika omvendning og bot med brennhug  
Og Peter kasta sitt garn på sjøen i tru  
Og Andreas stod opp og følgde kallet i håp  
Men Johannes var ei levande kjelde av kjærleik

Og Sakkeus søkte og kleiv opp i treet av iver  
Og Jairus kasta deg ned på vegen i tillit  
Og Marta duka sitt bord av god gamal vane  
Men Maria sat stille og lytta av kjærleik

Og Lukas forma sin bodskap og lækte i tålmod  
Og Paulus skreiv sine hyrdebrev under ansvar  
Og Barnabas vitna for verden og viste si glede  
Men Stefanus gjorde steinane mjuke av kjærleik



## *Avskjed med biskop Solveig*

Som kjent skal biskop Solveig Fiske gå av for aldersgrensen i høst, ved fylte 70 år. I den anledning har redaktøren i Løten menighetsblad, Amund Sigstad, gjort et intervju med biskopen.

### **Når ble du ansatt som biskop? Hvordan ble du mottatt i bispedømmet?**

Jeg ble vigslet til biskop i Hamar domkirke 17. desember i 2006. Da kom jeg fra stillingen som personalsjef ved Hamar bispedømmekontor etter 12 år som sokneprest i Løten.

Jeg opplevde å bli tatt imot med tillit, vennlighet og raushet.

### **Hadde du et motto og en programerklæring ved tiltredelsen?**

Jeg hadde med meg et ønske om å formidle evangeliet slik at mennesker kjenner at det berører og gir styrke og håp. Jeg hadde, og har, et motto: «Ei kirke for alle». Altså ei kirke som er til stede i lokalsamfunnet, ei folkekirke. Jeg har ofte brukt lignelsen om sennepsfrøet som Jesus fortalte, til å fargelegge dette. Lignelsen forteller om frøet som blir til ei stor plante, et tre med greiner der det er god plass for fuglene.

Dette kommuniserer godt med Hamar bispedømme sin visjon: Hellige rom for alminnelige liv. Visjonens formulering sier at folkekirka tar utgangspunkt i folks alminnelige liv og inviterer til å forstå og tolke livet i lys av evangeliet om Jesus Kristus. Å ta utgangspunkt i menneskers alminnelige liv med lengsler og behov er en programerklæring: midt i folks liv skal kirka være, for å vise at Gud er der også.

### **Hvilke utfordring og oppgaver møtte deg i eget bispedømme, eller i hele kirke-Norge?**

Den første utfordringen var å likestille heterofilt og homofilt samliv også med en rituell handling i kirken. Jeg ga min støtte til kjønnsnøytral ekteskapslov som kom i 2008. Fra første februar i 2017 ble likekjønnede ønsket velkommen til ekteskapsinngåelse foran alteret, og ett minutt over midnatt ble det første homofile paret viet her i landet, i Eidskog kirke. Det kjennes naturlig at det første ekteskapet med to av samme kjønn ble inngått her i Hamar bispedømme.

Flere av våre biskoper har vært med å rydde vei slik at kirken nå fremstår som en åpen folkekirke; Kristian Schjelderup og Georg Hille i innsatsen for kvinners prestetjeneste. Og ikke minst Rosemarie Köhn som også huskes for sin kamp for likestilling og deriblant homofiles rettigheter. Det var banebrytende da hun gjeninnsatte Siri Sunde i tjeneste i februar 1999 etter at Sunde i 1997 hadde inngått partnerskap mens hun var i tjeneste som kapellan i Nordre Land, og som en følge av det ble permittert i stillingen. Og endelig, i 2017, er alle kirkedørene i vårt bispedømme åpne for alle som ønsker å gifte seg i kirken. Jeg er glad for at dette skjedde på «min vakt».

En av de største endringene i kirken i min periode er at vi ikke har en statskirke, men en grunnlovsforankret folkekirke. Den nye loven om trossamfunn innebærer mange muligheter for samarbeid og samhandling i et livssynsåpent samfunn. For vi lever i et samfunn i endring. Befolkningen endrer seg både i by og bygd og vi får flere med ulik etnisk bakgrunn. Det fordrer åpenhet, gode kulturmøter og dialog om identitet, kultur og religion. Spennende!

Gjennom medlemsundersøkelser vet vi at kirken står sterkt i Hamar bispedømme. Sju av ti innbyggere er medlem i Den norske kirke og tallene er veldig stabile. Undersøkelsene viser også at kirkebyggene er viktige for folk.

Det har skjedd viktige endringer og framskritt i Den norske kirke de siste tiårene. Men livsvilkårene for mennesker med LHBT+-identitet er et samfunnsproblemløst langt ut over Den norske kirke. Jeg har derfor forsøkt å bære engasjementet også ut over det indre kirkelige ved å søke allianser hos politikere, samfunnsinstitusjoner, organisasjoner, hos andre kirker og trossamfunn og på tvers av landegrensene.

### **Kjernesaker i din tid som biskop?**

En av kirkens viktigste oppgaver er å peke på at urett angår oss alle. Kirken må velge ståsted ved å se den enkelte – og bekrefte deres verd. Derfor har jeg hatt et stort engasjement for menneskeverd og rettferdighet.

Likestilling og likeverd i kirke og samfunn har også alltid vært viktig for meg. Dette engasjementet har jeg hatt med meg inn i bispegjernen. Det er preget av at jeg ofte tenker på hvordan Jesus møtte mennesker med respekt og at møtene førte i livets retning.

«Urett angår oss alle» speiles også i mitt engasjement for papirløse flyktninger, asylbarna og kvinner som utsettes for vold. Blant annet er jeg Den norske kirkes representant i styringsgruppen for kampanjen «Rød knapp - Stopp vold mot kvinner», og jeg har tidligere vært styreleder i Vake kirkelig ressurscenter mot seksuelle overgrep.

Vil vi være en kirke som bringer håp og forkynner budskapet om den store gle-

den for alt folket, må vi våge å nærme oss menneskers livserfaringer.

**Hva har du vært mest fornøyd med? Hva har gledet deg mest?**

Da vil jeg trekke fram visitasene der jeg har møtt folk i alle aldre. Det har vært til stor glede og inspirasjon. Uansett hvor jeg er, også i andre anledninger, møter jeg folk som er engasjerte og glade i kirka si. Dette gjenspeiler seg også i medlemsundersøkelser. Det er sterkt å oppleve dugnadsinnsats, iherdig og planmessig vedlikehold og jeg vil også si: sorgen når en kirke brenner.

I løpet av min periode har trosopplæringsreformen blitt innført over hele landet. Den har gitt oss mulighet til å skape gode aktivitetstilbud og møteplasser for barn og unge i lokalsamfunnet.

Jeg vil også trekke fram gode samarbeid på tvers med ulike samarbeidspartnere. Slik har vi fått til større satsinger i forbindelse med bokåret, ved olsok og nå som arrangement på veien til Nasjonaljubileet 2030.

I kirken kommer vi ofte i berøring med folks følelser. Da har jeg ofte opplevd hvordan sang og musikk kan nå inn, forsterke glede og lindre sorg. Jeg har stor glede av musikken, møtene med utøverne og få oppleve betydningen musikken har. Det er en stor glede hver dag å tenke på hvordan kirkemusikerne våre og alle andre av kirkens ansatte legger til rette og gjør sitt beste for at folk skal få gode opplevelser i møte med kirkas tilbud og aktiviteter.

**Saker eller forhold som du gjerne ville**



**hatt ugjort?**

Kirka skal være et sted hvor folk skal kunne komme med livene sine. Da er det viktig at folk har tillit til kirkens øverste ledelse. Som biskop er jeg ikke alene. Det er svært gode fagpersoner på ulike fagfelt som er knyttet til bispedømmekontoret og Den norske kirke. Også i bispekollegiet har jeg gode folk jeg kan ta opp krevende saker med.

Det er ingen ting jeg angrer på, men noen ganger har jeg tenkt at ting kunne vært sagt eller gjort på en annen måte. Det betyr ikke så mye så lenge det ikke går ut over noen, men kan ta fokus bort fra det jeg egentlig ønsker å formidle.

**Vi har registrert at nye utfordringer og krav dukker opp til siste arbeidsdag. Er dette krevende å håndtere på slutten av din periode som biskop?**

Jeg vet ikke akkurat om at det er noe spesielt nå ut over at det arbeides med framtidig kirkelig organisering. Av og til kan det være debatt om saker slik som om Teater Innlandets oppsetning nå i høst, men det fører til ordskifte som jeg opplever er viktige og nødvendige, mer enn krevende.

**Har du noen gode råd til din etterfølger? Hvilken kurs ønsker du at den nye biskopen skal ta?**

Nei, jeg har ingen råd å gi her. Det kan tenkes jeg kan kviskre noen råd direkte til den nye biskopen. Jeg ser med forventning fram til at en ny biskop skal begynne. Jeg er trygg på at vi får en framoverlent og god biskop!


**Har du noen forventninger til din nye livssituasjon?**

Jeg håper å kunne dyrke vennskapets gleder og muligheter. Kanskje gå på kafé på en vanlig hverdag og ikke minst ha mer tid til barnebarna og familien ellers.

**Ser du og din familie fram til å flytte tilbake til Løten?**

Vi ser fram til å ta i bruk huset vårt som har vært utleid. Det blir rart å flytte fra Hamar og det gode bomiljøet vi har hatt stor glede av i Olav Myntmesters gate. Nå ser vi fram til nye dager i Sletmoeveien.

Foto: Halvard Bjorkås og Sidsel Offergaard Jevne



Solnedgang bak Falketind. Foto: Sven Ingar Moen

## Middelalderkunsten i Høre stavkirke skannes

I høst kunne man observere et hvitt telt og en varebil i dagesvis utenfor Høre stavkirke. Hva i all verden hadde dette der å gjøre? Ikke noen typisk kirkelig aktivitet, akkurat. Jeg ble så nysgjerrig at jeg måtte undersøke det, og Bjarthe Aarseth, som jeg fant inni teltet, ga meg svar: Det foregår skanning av middelalderkunsten. Nokså mye mer avansert enn mange gjør på skriveren til datamaskinen sin. Her skal det skannes ned til 1/100 mm for å kartlegge overflaten, både inni portalen og utenpå, inkludert taket. Også utskjæringene omkring døra inn til kirkerommet og den gamle inngangsdøra som står i våpenhuset, skal skannes på samme måten. Enkelt-skanningene blir satt sammen til helhetsbilder, tredimensjonale, svært nøyaktige og detaljerte, og de vil bli stilt til disposisjon for kirkekontoret i Vang.

Arbeidet er satt i gang og finansiert av Riksantikvaren. Selv er Bjarthe Aarseth ansatt ved Kulturhistorisk museum og utleid til Riksantikvaren for å gjennomføre dette prosjektet. Han forteller at det er intenst arbeid over mange, lange dager. Vi får ikke komme inn i skanningområdet, for selv den minste bevegelse på gulvet forstyrrer skanningen.

Inngangsportalen til Høre stavkirke har ikke alltid vært inngangsportal. Den begynte sitt liv som klokketårn, eller takrytter, på selve kirkebygget. Men klokkene var tunge, og oppheng i et tårn over kirkerommet var oppfattet som risikabelt, også lenge før HMS (helse, miljø og sikkerhet) var et begrep. Følgelig ble takrytteren satt på bakken og fungerer som inngangsportal til kirkegården, mens det i tårnet er oppheng for bare en liten klokke. De to store kirkeklokkene – den eldste er sannsynligvis fra siste halvdel av 1200-tallet – henger i den frittstående stupulen.

Bjarthe Aarseth forteller at inngangsportalen i Høre er nesten enestående. Bare Borgund stavkirke har tilsvarende – men den står fortsatt på kirketaket – og utskjæringene her er identiske med de i Høre: betydelig solsvidde, men ellers vesentlig bedre beskyttet. For år om annet skjer det at besøkende plukker løs og tar med seg litt av denne svært verdifulle, eldgamle treskurden. Det er derfor på høy tid at disse verdifulle utskjæringene blir bedre beskyttet og tatt vare på.

Også omkring inngangsdøra til kirkerommet er det verdifull treskurd fra middelalderen. Aarseth forteller at disse ornamentene også er blitt skadet i tidens løp. Etter brannen i Grue kirke i 1822, der 116 personer omkom fordi dørene slo innover så de ikke kom seg ut, ble det lovpålagt at alle kirkedører i landet skulle slå utover. Gjennomføring av denne loven førte til at noe av treskurden i portalen ble ødelagt. Portalen er for øvrig helt lik portalen i stavkirken i Ål. Kanskje er det samme person som er mester for begge portalene? Og samme person som er mester for takrytterne både i Høre og Borgund? Hvis ikke, må det i hvert fall ha vært god kommunikasjon mellom ulike byggmestere og kunstnere som utførte stavkirkebyggingen her i landet!

Tekst og foto:  
Sidsel Offergaard Jevne



## Stølsmesse på Helin

Søndag 14. august hadde soknerådet i Vang stølsmesse ved osen på Helin i et fantastisk sommervær.

Vesle Eira Buajore Skøre ble døpt. Rundt 75 personer med smått og stort møtte opp. Ingebjørg holdt en fin, tankevekkende gudstjeneste. Etter messa ble det servert kaffe og gode lapper som Liv Bøland hadde stekt.

Tekst og foto: Randi Bang Søndrol



Helge, Ingebjørg, Artur og Ola gjennomførte en flott messe.



Storm Buajore Tørstad holder bibelen for Ingebjørg. Vilde Buajore og Lasse Skøre med dåpsbarnet Eira.

## Mikkelsmess og høsttakkefest

I gamle dager – i katolsk tid, frem til 1537 – var helgemessene sentrale i kirkeåret her i landet. Blant disse merkedagene var Mikkelsmess en av de største festdagene i året. Dette er feiringen spesielt av erkeengelen Mikael, men også av alle englene. I Den katolske kirke er Mikkelsmess også til ære for de to andre erkeenglene, Gabriel og Rafael.

Mikkelsmess markeres fortsatt 29. september eller den søndagen som faller nærmest til den datoen. Merkedagen ble avskaffet som helligdag i Danmark-Norge under «festdagsreduksjonen» av 1770, da antallet helligdager ble halvert. Men i 1999 ble den gjeninnført i Den norske kirke som valgfri dag. Liturgisk farge er hvit.



Etter gammel tradisjon skulle man være ferdig med innhøstingen til Mikkelsmess, og buskpenen skulle være hentet inn. Primstaven markerte dagen med en vekt, Mikael's vanligste kjennetegn. Vekten skulle etter kristen tradisjon veie sjelens gode og onde gjerninger i livet på jorden.

Mikkelsmess blir også ofte markert som høsttakkefest. Men takkegudstjenester for årets grøde er også vanlig uten til-

knytning til Mikael'sdagen.

I en høsttakkefest-gudstjeneste markeres takknemlighet for skaperverkets gaver, for at vi får det vi har bruk for til livets opphold. I Vang har vi i varierende grad markert høsttakkefest. Men uansett markering er det all grunn til å ta vare på og takke for alt naturen gir oss. Liturgisk farge er selvfølgelig grønn.

Sidsel Offergaard Jevne

## Sommerhelsing frå dagsenteret på Vangsheimen

På dagsenteret på Vangsheimen driv me med mykje forskjellig, og denne gongen vil me fortelja om vår form for stølsmesse og då me var på besøk hjå Tynlam i Øye.

### Stølsmessa

Me har stølsmesse kvart år. Dette er alltid fyste andakta som er på Vangsheimen etter sommarferien. Oftast har me denne ute, men i år lot ikkje vergudane oss gjennomføre det. Men me hadde ei flott og koseleg andakt med soknepresten inne på Fjordstova. Det vart servert lappar à la Mimoza, og det var ca 20 personar som deltok på andakten.

### Besøk hos Tynlam

Dagsenteret på Vangsheimen var invitert til Tynlam og tok turen til Øye mandag 29. august. Då me kom fram, tok Ingunn og Kjell Gudmund imot oss på gardsplassen. Me hadde sjølv med tomatsuppe og tilbehør. Ingunn serverte nydelege nysteikte lappar. Me hadde med mais til hønene og salat til kaninane. Gardshunden Ailo stod for underhaldninga med å vise kor flink han er til å «dressere» hønene på garden. Me var der i tre timar og kosa oss veldig rundt bordet ute på garden. Det vart og handla både blautt og turt i Bua. Alle var veldig fornøyd med turen og syntest at dei hadde fått ein flott oppleving, og veret var og på vår side denne dagen, som gjorde det ekstra bra.

### Helsing oss på dagsenteret



## Plan for barnehage-kyrkje-samarbeid

Etter bispevisitasen i Vang hausten 2021 fekk kyrkja i oppgave å formalisere samarbeidet mellom barnehagane og kyrkja. Leiar for oppvekst, styrarane i barnehagane og soknepresten har hatt fleire møte om korleis dette kan sjå ut.

Planen tek utgangspunkt i rammeplanen for barnehagane, Smart oppvekst og årshjulet til barnehagane i Vang. Det som står her, skal gjennomførast over to år. Det kan sjølvsagt være fleire møte mellom barnehagar og kyrkje utan at dei står i ein plan.

Styrarar og sokneprest avtaler rullering, tid og stad for tiltaka i august kvart år. Sokneprest tek kontakt.

### Tema:

**Respekt, takkemd og omsorg:** Ha rollespel med kanin og piggsvin om å seie unnskyld. Øve på å bli venner igjen etter konflikt. Me avtaler på førehand kven som har rollespelet.

Rammeplan: Mangfald og gjensidig re-

spekt, likestilling og likeverd, livsmestring og helse.

Fagområde: Etikkk, religion, filosofi. Kommunikasjon, språk, tekst.

Mågruppe: Alle barna

**Liv og død:** Gravlegge ein daud fugl, maur eller bille. Utforske forskjellen på liv og død. Kjenne på og forstå sorg.

Rammeplan: Livsmestring og helse, bærekraftig utvikling

Fagområde: Etikkk, religion, filosofi. Natur, miljø, teknologi.

Målgruppe: Dei største på avdelingane

**Tradisjon:** Komme til kyrkja. Utforske kyrkjerommet, orgelet og kyrkjegarden. Kombinere besøket med jul, påske eller pinse. Fortelje bibelforteljingane knytt til høgtidene. På augustmøte avtaler me rullering for kva for høgtid og kva for kyrkje som skal brukast.

**I barnehagen:** Leike dåp, konfirmasjon, bryllup og gravferd. Lære ein sang eller



regle frå t. d. babysang.

Rammeplan: Demokrati. Korleis jobbar vi med at barnehagen skal være eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrte og delta?

Fagområde: Etikkk, religion, filosofi. Nærmiljø og samfunn.

Målgruppe: Alle barna.

Ingebjørg Vik Laugaland

## Samisk utvalg i Hamar bispedømme

21. februar 2022 hadde samisk utvalg i Hamar bispedømme sitt første møte. Utvalget ønsker å styrke det samiske i et bispedømme der samer har ferdes i mer enn 1000 år.

I 2019 vedtok Kirkemøtet en strategiplan for samisk kirkeliv for årene 2019 – 2027. Et av målene i planen var å etablere samiske utvalg i bispedømmer og menigheter. Slik skal kunnskapen om det samiske blir bedre hos kirkens ansatte og sikre at kirken også når den samiske befolkningen.

Du finner planen på

<https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/plandokumenter/strategiplan-for-samisk-kirkeliv/>

Med bakgrunn i dette vedtok Hamar bispedømmeråd å nedsette utvalg.

**Bispedømmerådet vil at utvalget skal**

- Sikre samisk kirkeliv i bispedømmet, med spesielt blikk på Valdres, Sør-Østerdal og Hamar.
- Foreslå tiltak som kan gjennomføres

i menighetene, særlig i forbindelse med samisk nasjonaldag og samisk språkuke

- Være møteplass for samisk dialog ut og utveksling
- Støtte Hamar biskop og Hamar bispedømmeråd i spørsmål knyttet til samisk kirkeliv.

### Markerte med gudstjeneste

Allerede i første møte fikk kirkens representanter ny kunnskap om det samiske i Hamar bispedømme, bl.a. om hvordan fornorskningen har påvirket mange med samisk opphav.

Utvalget tok fram flere mulige tiltak som de vil se på vidare. Første tiltak var gudstjeneste 21. august ved fjellalteret på Daniel Mortensens boplass i Elgå i samarbeid med Svahken sijte og Elgå menighet. Biskop Solveig deltok, sammen med prest i sørsamisk område, Einar Bondevik.

Jorun Vang,  
kommunikasjonsrådgiver/  
sekretær for biskopen



Vigsling av det sør-samiske kirkestedet i Elgå, ved Daniel Mortenssons vinterboplass ved Kjerran, 3. juni 2018. Foto: Bård Løken/annomuseum



Samisk utvalg i Hamar bispedømme. Bildet er tatt på oppstartsmøtet 21. februar 2022. Foran fv. Siv Bakken, Løten og Irene Kvitfjell, Lillehammer. Bak fv. Biskop Solveig, Lars Ivar Danielsen, Svahken sijte og rådgiver Gunnhild Hauge Bjørdal ved Hamar bispedømmekontor. Hanne Moesgaard Skjesol, sokneprest i Biri, var ikke tilstede da bildet ble tatt. Foto: Jorun Vang

# Eit gledeleg gjensyn med Vinjerock



**Etter to rolege år var det magisk stemning på Eidsbugarden då Vinjerock endeleg kunne samle tusenvis av musikkglade fjellfolk til festival att!**

- Det var heilt fantastisk å endeleg få arrangere Vinjerock att og kjenne på den fellesskapsfølelsen det er å lage festival saman, det er noko heilt spesielt, seier Sigrid Skjerdal, avtroppande festivalsjef. Og årets festival var nemleg heilt spesiell. Etter to år med nærmast ingen kulturpåfyll, var det ingen tvil om at jubelen stod i taket då Vinjerock endeleg gjekk av stabelen i år. Med tettpakka opplegg frå torsdag til sundag, med både artistar, aktivitetar, foredrag og fantastisk lokalmat – er det ingen tvil, årets Vinjerock vart magisk.

- Energinivået var høgt og det var mykje glade folk å sjå på festivalen. Når ein har bygd opp forventningane i litt over to år, kan ein nesten samanlikne det med kyr på vårslepp, ler Skjerdal.

I år var det og ein avtroppande og ein påtroppande festivalsjef på Vinjerock. Skjerdal gir stafettpinnen vidare til ein kjent og kjær kollega i staben, nemleg bookingsjef Guro Furunes Pettersen!

- Det er både litt skummelt og veldig spennande å få ta over etter Sigrid, men eg gler meg utruleg mykje. Det var veldig kjekt at me fekk årets festival saman, smiler Furunes Pettersen.

## Solid gjeng bak festivalen

Det er ikkje småtteri å arrangere festival på høgfjellet. Difor er det ekstra gledeleg at Vinjerock kvart einaste år har med seg nærmare 700 frivillige, som arbeidar dag og natt for å gjera festivalen uforglemmelig.



- Akkurat det er heilt unik med Vinjerock, alle dei flinke folka som er med og arbeider og gjer ein fantastisk innsats for festivalen. Både dei frivillige og staben vår, seier Furunes Pettersen.

For det står virkeleg ikkje på innsats, lagånd og dugnadsarbeid når Vinjerock skal opp og stå.

- Me er utruleg heldige som har lokale bedrifter som stiller opp og veit kva dei driv med, me har eit lokalfolk som er med når me treng hjelp – Vangsgjeldingane sviktar oss aldri. Det er ein solid gjeng med folk altså, og det er jo det som er Vinjerock, seier Skjerdal.

- Hadde det ikkje vore for at frivillige, lokale, kjente og kjære og alle andre stilte opp, ville det vore umuleg å arrangere, legg ho til.

## Gode minner frå årets festival

Dei to festivalsjefane har fleire gode minner frå årets festival. Blant anna blir Vinjepride trekt fram som eit fantastisk arrangement.

- Over 300 personar samla seg til Vinjepride, det er rekordmange! Med fine

appeller og fantastisk musikk. Eg får nesten heilt gåsehud av å snakke om dette, det viser berre at fjellet er for alle, seier Skjerdal.

- Så vil eg vil nesten trekke fram dei to vekene med opprigg, der me alle jobba saman for å få Vinjerock opp og stå, som noko av det morosamste. Det å bygge opp til sjølve festivalen var utruleg artig. Så fekk me nesten sjokk då publikum kom, og såg kor mange dei var, ler ho. I tillegg trekk Guro og Sigrid fram konserten til den svenske folkemusikaren Sara Parkmann, som gjorde ein nydeleg konsert og fekk med heile publikum på allsang! Absolutt ein højdare for både festivalsjefane og publikum!

- Alt i alt kan me oppsummere festivalen som veldig vellykka! Det er superkjekt å endeleg få lage festival att, og me gler oss allereie til neste år - då skal me gjere så mykje artig, smiler Furunes Pettersen.

**Tekst og foto: Ida Nordland Hillestad  
Innovangsjon**

## Takk

Heensåsen sokneråd  
takkar hjarteleg for gáva  
me mottok ved  
Kristoffer Heen  
sin bortgang.

## Konfirmantar 2023

Lene Berge  
Rei Zogaj  
Thea Søndrol Nickelsen  
Tobias Nikolai Lokreim-Poulsen  
Emilia Bø  
Vebjørn Høyme Havro

Malin Granlund Jevne  
Frida Hippe Lunde  
Leah Thune Skeie  
Malin Aastad Kjøs  
Halvor Kattevold Marken Svien  
Emil Fjeld Ødegård

## Jørn Hilme-arrangement i St. Tomas

I fleire år har Jørn Hilme-stemnet opna ballet med konsert i St. Tomaskyrkja på Filefjell. Dette året var det nordnorske Susanne Lundeng som trollbatt valdrisane.

Det er historisk sus over Hilme – og ve-gen over Filefjell. Hilme er ein av landets eldste festivalar. Kongevegen stod ferdig i 1793 som den fyrste køyreve-gen mellom Austlandet og Vestlandet og går gjennom urørt natur og storslått kulturlandskap. I tillegg er kongevegen mellom Lærdal og Vang kåra til Noregs vakraste rute.

Jørn Hilme-stemnet har arrangert tur over fjellet i fleire år no. Turen startar frå St. Tomaskyrkja og går til Maristuen, med buss tilbake til kyrkja. Turvert i sommar var Anne Marit Noraker frå Valdresmusea. Ho er eit levande leksikon med kunnskap om både natur, kultur og historie. Etter turen og vel framme på Kyrkjestølen var det servering av magjerd frå Fagernes Landhandel.

Årets fyrste konsert baud på sjøsprut og nordnorsk stemning. Susanne Lundeng er rekna som ei av dei mest særprega felespelarane, komponistane og musikalske fritenkarane i landet. Ho har ein sterk musikalsk utforskartrøng og blandar det ho kjem over av gamle feleslåttar og folketonar, med erfaringane i eige liv. Ho har gjeve ut ei mengd plater, den siste i rekka er Hold dæ på vingan (2020). Makkar Nils-Olav Johansen er jazzgitarist og songar og hentar inspirasjon frå tradisjonell musikk frå heile verda.

Kva kan vi seie om Susanne Lundeng? Fyrst og fremst er ho ein formidlar av rang, og med ei evne til å smitte publikum med mykje glede, mykje engasjement. Her er alt frå realistiske(!) brurmarsjar til sterk havbris, fuglekvitter, kveite, gamle spelemenn og djupe, mørke dalar. Susanne Lundeng sitt univers rommar alt. Og med den briljante gitaristen Nils-Olav Johansen var konserten på Kyrkjestølen ei musikalsk hending det var verdt å få med seg. Tett oppunder 60 hadde tatt turen til St. Tomaskyrkja på Filefjell denne julikvelden.

**Tekst og foto: Knut Aastad Bråten**  
**Dagleg leiar**  
**Valdres Folkemusikkarrangement AS**



# Marked og auksjon til inntekt for Barnekreftforeningen Innlandet

Når kreft rammer et barn, er det en katastrofe. For barnet selv og de aller nærmeste, og for litt fjernere familie. Selvfølgelig får de den medisinske behandlingen og oppfølgingen de trenger fra helsevesenet. Men livet består av så mye mer, også når man er syk. Barnekreftforeningen er dannet for å støtte og hjelpe familier som er rammet av barnekreft: gjøre sykehusoppholdene bedre, tilby likepersonstjeneste og bidra til fritidsopplevelser og mye annet.

Men også en større krets føler seg rammet ved slik alvorlig sykdom. I Vang har vi fått demonstrert dette altfor tydelig de siste årene. Så Barnekreftforeningen står manges hjerter nær. Også for Sølvi Havro og Iren Vengel Remmen, som i sommer har brukt massevis av tid og krefter på å planlegge og forberede en stor innsats for foreningen. Lørdag 20. august, i strålende sommervær, gikk auksjon og marked til inntekt for Barnekreftforeningen Innlandet av stabelen på Haukåsen. Kristina Heensåsen fortalte om foreningens arbeid, og ordfører Vidar Eltun åpnet arrangementet i velkjent blanding av skjemt og alvor, godt tilpasset formålet. Helge Lajord var stødig og engasjert auksjonarius, som med velsmurt tunge og rikholdig ordforråd fikk de fremmøtte interessert. Vangsgjeldinger, hyttefolk og andre, til dels langveis fra, var møtt frem og bød på alt det flotte som Iren og Sølvi hadde fått samlet. Her fantes omtrent alt, og mye av stor verdi: fra porselen og krystall, via gamle redskaper, glansbilder, kubakkstoler og ruggestol, til dokker og andre gjenstander til barn. Og publikum koste seg med kaffe og lapper i finværet, og kommentarene og latteren satt løst. Mange gjorde en god handel, men det var også noen som ga penger til formålet uten å kjøpe.

Sølvi forteller at det var Iren som fikk ideen om auksjon på Haukåsen, og selv ble hun nokså umerkelig trukket inn i arbeidet. Alt som ble budt fram, har de fått gratis til dette gode formålet. De har bl.a. tømt noen hus og lagt ned utallige timer i forberedelser til denne markeds-

og auksjonsdagen. Dette er frivillighet av aller beste merke!

Men selv etter fire timers auksjon var det ikke tomt. Det var åpent for salg også dagen etter, og flere tok veien til Haukåsen og gjorde en god handel. Kanskje blir også noe lagt ut for salg på facebook eller på andre nettsider. Og fortsatt er det mulig å sende penger til Barnekreftforeningen Innlandets arbeid via markeds- og auksjonsdagens konto 2153 31 88939, hvor alt går uavkortet til formålet.

Tekst og foto: Sidsel Offergaard Jevne






# BARNAS

## Labyrint

Kan du hjelpe Gulliver gjennom labyrinten?



Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



- Klarar du å teikne ein rett strek med ein linjal?
- Sjølv sagt!
- Godt gjort! Eg klarar det ikkje utan blyant.

## Finn fem feil!

Her feirer dei første kristne nattverd. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?  
Teikning: Asbjørn Tønnesen



## Vitsar

- Eit egg fekk så seg sjølv i eit speil.
- Å nei, eg har blitt eit speilegg!
- Pass deg for trappa!
- Kva for ei trapp-app-app-app ...

## Nytt liv i Torsheim grendehus



Etter ein stor vannlekkasje i fjor vinter, såg det mørkt ut for Torsheim grendehus. No har imidlertid ein iherdig dugnadsgjeng lagt ned utallige timar arbeid og gitt nytt liv til møteplassen i sentrum!

- Då me såg kor mykje skade det hadde vorte på huset etter vannlekkasjen, så stod me vel litt ved eit vegskille: skal me rive heile huset, eller gi det ein sjanse? seier Helene Tvenge Qvale.

Det var starten på utallige timar dugnadsarbeid, bekymringar, tunge løft, maling, beising og mange gode hjelparar. For styret i grendehuset kunne ikkje la det gamle bygget, med så mykje gode minner, bli til ei tomt og ei historiebok.

- Me er altfor glad i huset, me har jo gode minner herfra sjølve. Det er eit fantastisk fint og koseleg hus, med fin beliggenheit og mykje potensiale for bruk, seier Chatrine Leine Nøkleby.

### Hell i uhell

Vannlekkasjen i grendehuset var oppdaga ein februar dag i fjor, då det røyk ut av pipa. Med ein dårleg magefølelse reiste Elisabeth Hålien bort for å sjå kva som føregjekk.

- Og då bada heile kjøkkenet og badet i vatn, det var reine svømmebassenget der inne. Ein kopling til vaskemaskina hadde sprekt og fylt halve huset med vatn, fortel Elisabeth.

- Då me ende på at me faktisk ville sette i stand huset att, så var det jo ein ypparleg moglegheit til å både flytte kjøkkenet og få betre plass, samt beise og male veggane. Hell i uhell kan ein eigentleg kalle det, legg ho til.

I tillegg har alle golv i grendehuset vorte bytta ut, det er kome på plass varmtvasstank, det er bygd verandadør og veranda, og uteområdet har fått ein real finpuss.

- Me er sjølv sagt ikkje heilt ferdige endå, det manglar både listing innandørs, maling utandørs, og så vil me få på plass rullestolrampe før jul helst. Den skal opp ved plattingen, seier Tvenge Qvale.

- Heldigvis har forsikringsselskapet tatt mykje av støyten, samt eit tilskot



frå kommuna og litt frå ein Spleis. Men eigeninnsatsen som er lagt ned her, har også spart oss for mykje utgifter. Me har verkeleg prøvd å halde kostnadane nede, fortel Hålien.

### Stå på-vilje frå mange hald

Det er hovudsakleg styret i grendehuset som har vore største drivkraften til oppussing og opprusting av Torsheim. Med ein enorm stå på-vilje har dei klart å vekke liv i det som ein gong var ein av bygdas største møteplassar.

- Det er Elisabeth som har hatt styringa og oversikt over alt, så har me andre berre stilt opp så godt me kan, smiler Leine Nøkleby. Ho fortel at då skaden fyrst var skjedd, var dei nødt om å klinke til med eigeninnsats for å i det heile tatt få det til å gå opp.

- Alle me som sitt i styret er jo oppriktig engasjert og motivert for at huset skal leve vidare og fortsatt kunne brukast til forskjellige arrangement. Skulle me få til det, måtte me jobbe mykje sjølv, seier ho. I tillegg til å legge ned mange arbeidstimar sjølve, har dei og hatt mange gode hjelparar med seg!

- Det har ikkje stått på hjelpande hender. Det har vore mange som har villa bidra og vere med å arbeide, det er me særdeles takknemlege for. Me har og hatt me oss fagfolk på nokre ting. Me er riktig nok engasjert, men snikkarar er me ikkje, ler Hålien.

- Så er det heilt utruleg kva ein får om ein berre spør. Gjerdet utanfor her er det ein som berre kom med, og sette opp! Og den nye kjøkkeninnreinga her

fekk me gratis, då nokre andre skulle bytte den ut, smiler ho.

### Håpar folk vil bruke grendehuset

Sjølv om Torsheim ikkje er heilt ferdig opprusta endå, er det fullt mogleg å bruke det slik det er no. Styret håpar at bygdefolket no benyttar seg av moglegheiten til å leige grendehuset.

- Det er jo det me aller helst vil, at folk skal bruke det. Mykje. At det skal vera eit lokalt ein kan leige både til kulturelle arrangement, bursdagar, bingo og barnedåp, altså det er vidt spenn. Her er det rom for mykje, smiler Hålien,

- Og om det er nokon her i bygda som ynskjer å leige det til faste aktivitetar, så er me ikkje vrang der. Me vil jo at folk skal bruke huset, seier Anine Rauken Kattveold. Allereie er det nokre som har ytra ynskje om å leige Torsheim, og i oktober skal det og arrangerast Oktoberfest! I tillegg ynskjer styret å arrangere ein skikkeleg opningsfest når Torsheim står heilt ferdig!

- Det er veldig positivt at folk har fått med seg at det er mogleg å no arrangere ting her, det er jo det aller beste, smiler Tvenge Qvale.

Innovangsjon  
v/Ida Nordland Hillestad

**FRIST**  
FOR INNSENDING AV  
STOFF TIL NESTE UTGAVE  
**28. OKTOBER**

## Geiter

I ein politisk debatt for nokre år sidan var det ei som sa at «sauer er allrighte dyr». Utsagnet vart latterleggjort, men kjernen i det er sann. Sauer er bra dyr, og minst like bra er geiter.

Heime hadde vi mange slags dyr då eg var liten: kyr, geiter, sauer, gris, hest, hund og katt. Slik var det på dei fleste småbruka i grenda. Av ein eller annan grunn var eg spesielt glad i geitene. Geitene er nysgjerrige, folkekjære og pågåande inntil det irriterande. Nokre meiner også at geitene er intelligente, men det er kanskje å dra det litt langt.

Geita er eit flokkdyr, og det var ikkje vanskeleg å buføre på stølen med geiteflokk. Gjekk du føre med eit band på bjølgeita, følgde resten av flokken etter. På stølen var alt vel og bra når geitene kom att av seg sjølve til mjølking om kvelden. Men var det sur nordavind, hadde flokken det med å trekke mot vinden. Var dei då langt unna stølen når kvelden kom, kunne dei finne på å legge seg til der. Då måtte mor ut på leiting etter flokken, og det vart lange turar og sein kveld før ho var ferdig med kveldsstellet.

Geitene kjear om vinteren, og når vi slepte ut killingane tidleg på våren, vart det sirkus. Dei hoppa og spratt, klauv og klatra. Det var ei livsglede utan like, og det var like moro å oppleva kvar vår. Når geitene vart sleppte ut, var det om å gjera å ha sett over gjerda etter vinteren. Var det mogeleg å koma seg gjennom eller under gjerdet ein stad, kunne du vera sikker på at du fann geitene inne på marka, i åkeren eller andre stader der dei ikkje skulle vera. Det var nok ikkje alltid vellæte å høyre når vi sprang etter geiteflokk for å få han utom gjerdet att.

Å gjete geitene var ikkje vanleg, men ein gong syster mi var lita, følgde ho etter geiteflokk på beite i skogen og fann ikkje heim att. Geitene kom att, men Ingrid var borte. Det vart sjølvsagt stor uro og otte heime, men heldigvis vart ho funnen før det gjekk alt for lenge. Dette er noko Ingrid hugsar godt den dag i dag.

Mjølking av geiter før det vart mjøl-



Mjølking i Raudalen på 60-talet.

kemaskin var tungt arbeid. Mor stod skrevs over geita og mjølka, og å mjølke 20-30 geiter på denne måten morgon og kveld tok på ryggen. Slik gjorde dei det når dei var på stølen, men heime vart det nok etter kvart laga mjølkebenk i fjøset som ga budeia ei betre arbeidsstilling. Men dette var etter at vi hadde slutta med geit.

Geita var ikkje like populær hjå dei som hadde skog. Ho er nærast altetande, og ungsbogen bar nok merke av det der det gjekk fleire geiteflokkar. I dag veks det att med buskar og kratt over alt, og geita blir no meir og meir teken i bruk i landskapspleie. Ein innført rase som boargeit er spesielt eigna til dette, ho er stor og kraftig og er spesielt glad i lauv og kvist.

Geitehaldet i Norge har gått kraftig ned dei siste femti åra, men i Vang er det framleis fleire gardar som driv med geit, gjerne i kombinasjon med sau. Geita høyrer heime i fjellet og kulturlandskapet, og ho gjer nytte for seg som landskapspleiar, mjølk- og kjøtprodusent. På tur i fjellet er det alltid like moro å møte geiteflokkane. Dei fargar og gir liv til landskapet, og geita er like folkekjær og sjarmerande som ho alltid har vore.

Tekst og bilde: Ola Heensåsen



## Plateinnspilling i Høre stavkirke

Jeg har ikke vært i et platestudio før, men jeg har aldri sett for meg at Høre stavkirke kunne være egnet til plateinnspilling. Men joda: plateselskapet Ta:lik, som drives av lomesværingen Frode Rolandsgarden, gjorde første helgen i oktober musikkopptak med folke-musikkgruppa Spelemannslaget til fremjing av møsagrodde låtar. Laget består av ti valdriser mellom 16 og 48 år som alle spiller solo hardingfele. Nå har alle disse funnet sammen i dette laget som ønsker å finne frem gammelt, kanskje glemt, materiale som med fordel kan bli kjent for flere. Det kan dreie seg om lydarlåtter, springar, halling – ja, omtrent hele spekteret av folkemusikken.



Frode Rolandsgarden forteller at laget har gjort seg positivt bemerket i folke-musikkmiljøet og har bl.a. vunnet landskappleiken i lagspel. Så det er høyt nivå vi snakker om!

Blant medlemmene finner vi bl.a. Jørgen Andrisson Kvam som den eneste vangsgjeldingen, og Jan Beitohaugen Granli, som kanskje den mest kjente profilen. Sivert Holmen er leder for laget nå. Frode forteller videre at lagets største forbilde er Andris Dahle, som var gift med Ragnhild Kvien fra Høre, og som ligger begravet ved Høre stavkirke.

Plateselskapet Ta:lik ble etablert i Lomen i 1999 og gir først og fremst ut folkemusikk, men også musikk «i grenseland» som f.eks. Hekla Stålstrenger. Selskapet står bak tallrike plateutgivelser og har innkassert Spelemannsprisen flere ganger.

Jeg stusset over valget av denne gamle kirken som lydstudio, med trekonstruksjoner og utskjæringer og hjørner overalt, men Frode forteller at dette heller er gunstig for gjengivelse av folkemusikk.

Overflatene demper lyden og sender den tilbake i alle vinkler fra mykt materiale, slik at lyden blir «mykere» og ikke så «voldsom». Så da skjønner jeg at de gamle byggmestere har greid å lage – ikke bare et bygg som har motstått tidens tann og vært et sentrum for lokalbefolkningen i nærmere 850 år, men også et bygg som kan møte både kirkelige og verdslige behov i vår moderne tid.

Tekst og foto: Sidsel Offergaard Jevne



# Valdres i 1000 år

- jubileumsår og feiring i 2023

Sankt Olav reiste gjennom Valdres i 1023. For hundre år siden var det stort 900-årsjubileum i Slidre der kong Haakon var med. Nå har tusen år gått siden Olavs Valdresbesøk og tida er inne for å jubilere. Dette blir en del av de mange markeringer fram mot Nasjonaljubileet i 2030.

Vi håper det kan bli opplegg i alle Valdres-kommuner i løpet av året. Her er det mye å ta fatt i både for sokneråd og historielag, i skolens undervisning og andre sammenhenger. Vi ønsker ikke bare å se bakover, men også se på hvordan vi kan ta med de byggende verdier for våre lokalsamfunn og vår nasjon. Da må en også våge å se kritisk på den framferd som kong Olav hadde, samtidig som vi ser det grunnlag som ble lagt for enkeltmenneskers verdi, gode lover, rettferdighet og kirkens plass i våre liv.

Olsok, lørdag 29. juli 2023 blir det en hovedmarkering, og vi håper at kongehuset vil være representert ved feiringen. Planen er at vi starter med et åpent arrangement ved Tingesteinen i Slidre. Derfra vandrer folket opp til Slidredomen der det blir fest- og fredsgudstjeneste. Hit kommer også de som er på pilgrimsferd fra øst over åsen fra Øystre Slidre. Forhåpentligvis kan vi få til prosjektkor og spennende musikkframføring.

Etter gudstjenesten fortsetter Olsokfeiringen på Valdres Folkemuseum på Fagernes.

Det er mye planlegging som gjenstår. Er det gode ideer og ønsker om å bidra i planlegging og gjennomføring, så gi beskjed til noen i prosjektgruppa, som består av prosjektleder Eivind Brenna, kirkeverge i Øystre Slidre Ove Ekerbakke, kirkeverge i Vestre Slidre Veslemøy Kvamme, kulturrådgiver i VNK Katharina Sparstad, representant for historielagene Ingebjørg Mo, direktør ved Valdresmusea Ole Aastad Bråten, kirkeverge i Nord-Aurdal Aud-Karin Hovi og prost Carl Philip Weisser.

Carl Philip Weisser



Biskop Bjonness Jacobsen skulde saa holdt en tale for kirken og fedrelandet: Det er et vakkert emne jeg har faatt aa tale over og jeg vil takke hr. ordf. Alfstad som har sendt mig det; men nu lir det saa langt paa kveld og forsamlingen har hørt saa mange taler. Jeg tror jeg vil glede H. M. med den tale jeg nu vil holde, for jeg vil nemlig ingen tale holde; men jeg skal glede forsamlingen med at de kanskje i morgen kan faa læse denne tale, som jeg her har indskrevet paa papiret, i bladene »Valdres«, »Vestopland« og kanske i en del hovedstadsaviser. Talen kommer i »Valdres«.

Slidredomen blir en flott plass for jubileum og fredsgudstjeneste den 29. juli 2023. Foto: Ola Dohl

Nå har jeg stor fornøyelse av å lese om jubileet i 1923 i gamle utgaver av avisa Valdres. Det var flere tusen som møtte fram. Været var ikke det beste, men taler og sanger var det mange av. Biskopen skulle også langt om lenge holde sin tale, men referatet forteller at han ordnet det på en annen måte.

**Jul med Valdresmål ...og mening**

**KIRKETURNE I VALDRES**  
 TIRSDAG 29.11 - DRUFLAT KYRKE  
 ONSDAG 30.11 - HEDALEN STRØM KYRKE  
 TORSDAG 01.12 - BÅN KYRKE  
 FREDAG 02.12 - SKRAUTVÅL KYRKE  
 TIRSDAG 05.12 - ULNES KYRKE  
 ONSDAG 07.12 - JØRNE KYRKE  
 FREDAG 08.12 - VANG KYRKE  
 SØNDAG 11.12 - LINDA KYRKE  
 ONSDAG 14.12 - AURODAL KIRKE  
 TORSDAG 15.12 - SLIDREDOMEN

**ØRNULF DYVE \* KASPER DYVE \* GAUTE LEIN AUSRØD \* LARS ISACHSEN JEMTERUD**

**BILLETTER FINN DU PÅ TICKETCO.EVENT**

**KONSERTSTART ALLE STEDER 18:30**

## Innhaldsrik haust på biblioteket og frivilligsentralen



Denne hausten har vi mange spanande prosjekt på gang i biblioteket, frivilligsentralen og BUA. Vi har i år ikkje laga eit arrangementsprogram for heile hausten, men vil annonsere det som skjer etter kvart. Og med vidareføringa av **Valdres litteraturfest** har vi samla mange av arrangementa på éi intensiv veke.

24. sept.–2. oktober arrangerte Valdresbiblioteka snautt 40 arrangement! Ni dagar fylt med forfattarbesøk, konsertar og mykje meir fordelt på biblioteka over heile Valdres. Berre i Vang var det 15 arrangement med noko for både gamal og ung, og dei i mellom.

**Vi pangstarta litteraturfesten i Vang med eit eventyrmaraton:** 4,2 timar med eventyrlesing! Same dagen var det konsert med Daniela Reyes, i samarbeid med Vinjerock. Utover i veka var Are Sende Osen på besøk og fortalde høgdepunkt frå Kongerekka på VBU, Vangsheimen og på folkebiblioteket. Jannette Røseth prata om livssorg, eit viktig tema som gjeld oss alle. Elles kunne folk vere med på ei musikalsk førestilling om huldra, dikt til lunsj, barsegruppe med lesefokus, høgtlesing hjå Sara i Ryfoss, filmframsyning og kyrkjekaffi før vi avslutta årets litteraturfest med



ein stemningsfull konsert med Synvis søndag kveld.

### Språkkafé og barsetreff

Mottaket forsvann, gjenoppstod, skule forsvinne igjen, men vart vidareført. Heldigvis har vi flotte frivillige som trør til når det trengst! Aud Kvale er igjen i gang med språkkafé, denne gong på onsdagar kl. 10.30. Ivrige elevar set stor pris på tilbodet!

Barsetreff har vi annankvar måndag kl. 11, velkomen til både nye og gamle deltakarar.

### Presentasjonar av frivillige lag

2022 er frivillighetens år, og Vang frivilligsentral og Innovangsjon vil gjennom heile året hylle frivilligheita i bygda ved å presentere alle lag og foreiningar. Det er utruleg givande å reise rundt og besøke laga og få vere med å synleggjere alt det fantastiske arbeidet dei gjer for bygda vår! Sakene finn de i nyheitsarkivet på [vangivaldres.no](http://vangivaldres.no) eller samla under seksjonen «frivillige lag i Vang» på [vang.frivilligsentral.no](http://vang.frivilligsentral.no)

**ÅSVANG 4H**  
ønsker nye deltakarar velkomen!



Aktivitet: klubbmøter/aktiviteter, volleyball og prosjekt  
Når: Gjennom heile året  
Kvar: Åsvangområdet  
Kontakt: Karianne Kampen Framstad, 97604490

**Frivillighetens år 2022**  
Sammen feirer vi Norges viktigste lagarbeid

### TV-aksjon

23. oktober går årets TV-aksjon av stabelen. I år går pengane til Leger uten grenser sitt viktige arbeid med å gi livreddande helsehjelp og medisin til menneske som treng det mest. Frivilligsentralen har koordineringsansvaret for aksjonen lokalt, og ser fram til å sette denne viktige tematikken på agendaen. Næringslivet deltek på ringedugnad på Fagernes 18. oktober, skulen nyttar aksjonen sitt undervisningsopplegg, og fire områdeleiarar er i gang med å rekruttere bøssebærarar. Tusen takk til alle som stiller opp! Du kan melde deg som bøssebærar på [blimed.no](http://blimed.no) eller ta kontakt med frivilligsentralen.

På **Haustattakkefesten** 24. september arrangerte BUA hoppedugnad og trikskonkurranse for TV-aksjonen. 2773 hopp ga 2773 kroner frå Frisk Forlag og Alexei sin rekord med 162 triks ga 1620 kroner frå Intersport Filefjell! Tusen takk til FK Vang og frivillige frå mottaket for hjelpa, og til sporty bedrifter som stilte som givarar.



### Haustattstilling og bote-treff

Laurdag 29. oktober kl. 13 opnar årets haustattstilling. Eline Medbøe (f. 1974) er tekstilkunstnar og jobbar hovudsakleg med tekstile objekt: klede, installasjonar og relasjonelle prosjekt. Verka hennar kan sjåast som ein kommentar til det enorme overforbruket som vi ser i dag. For Medbøe gir det meining å bruke tekstilane vi kvittar oss med, til å lage noko nytt. I slike materiale ligg det mange historier, minne og teikn på korleis vi lev liva våre.



Eline Medbøe. Foto: Geir Dokken

I tillegg inviterer vi til bote-treff med kunstnaren på opningsdagen. Kl. 14-16 kan du ta med deg noko du ønskjer å reparere, og bli inspirert av Eline til å gje plagget nytt liv.

### BUA inn i vinteren

Vi går snart ein ny sesong i møte, og då byttar vi sykklar og fiskestenger i BUA med ski og akebrett. Vi har fleire artige ake-doningar og diverse snø-utstyr til utlån, i tillegg til heilårsutstyr som tur-utstyr, bålpanne og bæremeis. For ikkje å gløyme takka som du kan låne til å få



unnagjort lefsebaksten før jul!

### Evaluering og gjestebod

Kommunestyret har bedt om ei evaluering av BUA, og frivilligsentralen «høyner» med å evaluere heile sentralen. Målet er å kartlegge korleis tilbodet vi leverer opplevast, kva som fungerer og kva vi kan gjere betre. Inspirert av Leve heile livet-prosjektet som har gjennomført gjestebod i vår, vil vi også gjennomføre slike gruppesamtalar som ein av evalueringsmetodane. Om du har lyst til å si di meining om frivilligsentralen men ikkje blir spurt – ikkje nøl med å ta kontakt. Saka skal presenterast for kommunestyret våren 2023.

### AlleMed-koordinator

Prosjektet Aktive saman rullar vidare på frivilligsentralen, sjølv om vi dessverre mistar Inger K. Tveit som prosjektleder. Vi er veldig takksame for den flotte jobben ho har gjort for barn og unge i Vang



gjennom prosjektet! I desse dagar lyser vi ut ei ny stilling, denne får tittelen AlleMed-koordinator, og får ansvaret for å følgje opp både prosjektet og BUA.

Tekst og foto:  
Marte Tangen og Marianne Riste

## Nysgjerrig på Bibelen?

Bibelen er som kjent ei av dei mest sentrale bøkene i heile den vestlege kulturkrinsen – kanskje den mest sentrale. Heile samfunnssystemet vårt kviler på kristen tru og livssyn. Men kva står det eigentleg i Bibelen? Forteljingane om Jesu liv og lære – som dei fleste av oss er kjent med frå skulen og konfirmasjonsundervisninga – utgjer jo berre ein liten del av heile den svære boka, rekna i volum.

For ein del år sidan fekk eg ei praktutgåve av Bibelen som takk for eit arbeid eg hadde gjort. Og som ein del andre både før og seinare, sette eg meg føre å lese heile boka, frå begynning til slutt. Eg kom eigentleg ikkje så veldig langt. Biskopen i Oslo, Kari Veiteberg, gjorde det same som ung student, og ho ga også opp. Men ho har skreve ei bok: Bibelen på 200 sider. Frå dei første sju dagane til verdas ende. Boka er utgitt av Kagge forlag som ledd i ein bokserie med diverse ulike tema «på 200 sider». I omtalen seier forlaget: Verdast viktigaste bok, Bibelen, forklart slik at alle kan forstå.


Dette er altså ei faktabok, tilsett litt per-

sonleg historie frå hennar oppvekst og familie og litt personlege meiningar, og rikt illustrert med bilete heilt frå 1000-talet og til i dag. Boka er delt opp i kapittel som gir greitt oversyn over kva slags type bøker som til saman utgjer «biblioteket Bibelen».

Hovudvekta ligg sjølvstøtt på Jesu liv og lære. Alle evangelia er omtala med kvar sine særtekk, og lesaren vert rådd til å lese kvart evangelium i samanheng, både for å få oversyn og for å sjå forskjellar og likheiter mellom dei ulike evangelia. Jesu forteljingar, likningane, har fått eit eige kapittel.

Boka omtalar sjølvstøtt også det gamle testamente, med mytar, historisk stoff og poetisk stoff som i stor grad er oppfatta som jødane sin felles identitetsforteljing.

Kari Veiteberg skriv også om apostelgjerningane og breva – og Paulus er feilaktig oppfatta som opphavsmann til mange av dei. Ho legg ikkje skjul på sin oppfatning at breva i stor grad er skreve for samtida og rår til å lese dei nettopp



som det: som svar på aktuelle utfordringar i tida dei er skreve og i den situasjon mottakar og avsendar er.

Så: dersom du er nysgjerrig på Bibelen, er denne boka ei god innføring. Boka er skreve på eit lett og ledig nynorsk og er spekka med fargebilete som illustrerer teksten som ganske riktig held seg på 200 sider.

Sidsel Offergaard Jevne

## Fjellblom musikklag feirar 70 år!

Fjellblom musikklag feirar 70-årsjubileum  
laurdag 12. november i Vangshallen.

Det blir eit godt og variert program.  
Vi håper å sjå veldig mange på konserten!

### Program:

Mottaking i foajén kl 18.30 med forfriskningar  
og framsyning av gamle bilder.  
Konsertstart kl 19.00.

Vel møtt!



## Korprosjekt i Heensåsen kyrkje

laurdag 29. oktober kl. 10.00 – ca kl. 18.00

Kl. 17.00 held vi ein liten konsert for alle som vil, der vi viser kva  
vi har øvd på.

Er du 9-åring får du invitasjon, men alle mellom 8 og 12 år er  
også velkomne.

Til alle foreldre, søsken, tanter, onklar, søskenbarn, besteforeldre, naboar ...:

Konserten er open for ALLE.

Velkomne kl. 17.00.

Påmelding til Guro, 412 65 178 eller [gh575@kyrkja.no](mailto:gh575@kyrkja.no) innan 26.oktober.



TRUSOPPLÆRING I VANG

### Nytilsette i Vang kommune

**Kaisa Katrine Hølem** er tilsett som spesialpedagog i 100 % fast stilling.

**Melanija Budinski** har fått 1 års engasjement som spesialpedagog.

**Karina Nyborg** er tilsett i 100 % fast stilling som fysioterapeut.

**Anette Stefferud Bø** er tilsett som sjukepleiar i 100 % fast stilling ved korttid og heimesjukepleia.

**Jorunn Trøen** er tilsett i 100 % fast stilling som vernepleiar i Miljøtenesta.

**Caroline Marlen Solie Bryntesen** er tilsett som frisklivsrettleiar i 50 % fast stilling og folkehelsekoordinator i 50 % fast stilling.

**Anne Synnøve Lunde** er tilsett i 100 % vikariat som fastlege.

**Grete Buajore** er tilsett i 100 % fast stilling som vernepleiar ved Vang barne- og ungdomsskule.

**Janne Colbjørnsen** er tilsett i 45 % fast stilling som bibliotek-

medarbeider.

**Siv Tone Drevsjømoen Børve** er tilsett i 66 % årsvikariat som pedagog ved vaksenopplæringa.

**Grethe Svanheld Strand** er tilsett i 100 % stilling som pedagogisk leiar f.t. i Fredheim barnehage.

**Sara Strøm Statsviken** er tilsett i 100 % fast stilling som pedagogisk leiar f.t. i Fredheim barnehage.

**Øyvor Veflen Tveit** er tilsett i 100 % årsvikariat som assistent f.t. i Fredheim barnehage.

**Oda Rogn Tveit** er tilsett i 40 % vikariat som barnehagelærer f.t. ved Høre barnehage.

**Bjørn-Roger Kjørlien** er tilsett i 100 % fast stilling som fagarbeider f.t. i Fredheim barnehage.

**Anneli Haugland Tørstad** er tilsett i 60 % vikariat som fagarbeider f.t. i Høre barnehage.

**Claudia Marie Grobe** er tilsett i

60 % stilling som assistent f.t. i Høre barnehage.

**Anine Hofseth Hirkjølen** i 100 % vikariat som fagarbeider f.t. i Fredheim barnehage.

**Tonje Buajore Sveberg** er tilsett i 85,51 % vikariat som assistent f.t. i Fredheim barnehage.

**Kine Kvam Hermundstad** er tilsett i 100 % fast stilling som fagarbeider f.t. i Høre barnehage.

**Anita Hakkebo Dokkehaugen** er tilsett i 100 % engasjement som pedagogisk leiar på disp. i Fredheim barnehage.

**Camilla Hasle** er tilsett i 100 % fast stilling som sjukepleiar ved Vangshemen og heimebaserte tenester.

**Ingvild Jerving** er tilsett i 100 % fast stilling som sjukepleiar ved Vangshemen og heimebaserte tenester.

**Trine Granlund** er tilsett i 100 % fast stilling som sjukepleiar ved Vangshemen og heimebaserte tenester.



## Bruk bedriftene i bygda!

Ala Camping	93 42 94 02	Rogn Bil og landbruk	
Fosse Frisørstudio	94 89 12 05	v/Odd Harald Rogn	61 36 82 16
Bjørn Hammerstad Transport	90 84 15 00	Ryfoss Bensin & Service	61 36 82 30
Bøflaten Camping AS	61 36 74 20	Ryfoss Betong A/S	61 36 44 00
COOP PRIX avd. Fjellvang	61 36 75 30	Ryfoss Treningssenter	48 12 42 52
Elektrisk Installasjon AS,	61 36 70 56	TK-Bygg AS	99 00 94 84
Elektromontasje	48 26 73 64	Tveitabru Bygg AS	61 36 81 02
El-Montøren AS v/Tørris Helle	90 96 83 00	Tyin Filefjell Utvikling AS	61 36 77 48
Filefjellsenteret	91 34 64 91	Tyinkrysset Fjellstue AS	61 36 78 00
Grindaheim Bygg &		Tyinlam	99 46 61 15
Restaurering v/ Bøye Kvale	91 30 13 14	Valdres Gjensidige Brannkasse	61 36 07 11
Heen Tre - Nils Harald Heen	90 93 29 57	Vang Auto-service AS	61 36 75 00
Hemsing Maskin AS	99 23 03 36	Vang Bunadsaum	41 56 07 59
IngWi modell	91 78 01 38	Vang Bygg AS v/John Myhre	97 51 95 37
ingridesign: Logo & Layout	91 71 05 40	Vang Grave- og Transport-	
Joker Ryfoss AS	61 36 80 77	service AS	95 87 90 04
Jotun Bygg AS	99 69 06 30	VangiValdres taxi	46 30 46 30
Jotun Kraft AS	61 36 75 50	Vang Maskin AS	91 10 19 28
Kampenes Begravelsesbyrå	61 36 17 70	Vang Rør	99 52 22 22
Mjøsvang Kafe	99 56 70 54	Øko-Nils	97 11 01 20
Montér Kvismo	61 36 81 85	Øye Bygg og Bo AS	61 36 87 68
Pelssau v/Wangensteen	99 71 43 18		

### Kondolansekort

Kondolansekort er å få kjøpt hjå Coop Fjellvang, Bygger´n Øye, Joker Filefjell og hjå Vang Autoservice.

Helsing  
Vang og Øye  
Sokneråd

### Kondolansekort

Kondolansekort kan kjøpast hjå Arne Straum og hjå Joker Ryfoss.

Helsing  
Heensåsen og Høre  
sokneråd

## MENIGHETSBLAD FOR VANG

Utgjevar:  
Sokneråda i Vang

Redaksjon:  
Marianne Straum, Ivar Hemsing,  
Ingebjørg Vik Laugaland.

Redaktør:  
Sidsel Offergaard Jevne  
vangmenighetsblad@gmail.com

Rekneskap:  
Kyrkjeleg fellestråd  
Kontonummer: 2146.30.04444

Bladpengar kr. 200,- og oppover  
Annonse kr. 200,- pr. år

Trykkes i 900 eks. fullfarge.



### Vi les Bibelen saman

Vi inviterer vi til bibellesing i Heensåsen kyrkje. Dette er eit lavterskeltilbod der alle kan kome og høyre høgtlesing frå Bibelen. Ta gjerne med eigen bibel for å følge med.

Vi syng ein salme som passar til teksten eller etter ynskje.

Til slutt ber vi Fadervår. Samlinga varer ein snau time. Komande samlingar blir 13. november og 11. desember, begge gonger kl. 18.00

Velkomen!



## Slekters gang

### Heensåsen sokn:

#### Døde:

12.06.: Falk Granlund  
09.07.: Bertha Margrethe Lokreim  
05.08.: Kristoffer Jevne  
03.10.: Tordis Remmen

### Øye sokn:

#### Døde:

16.07.: Gudbrand Hermundstad  
25.09.: Jorunn Haugen

### Høre sokn:

#### Døde:

30.06.: Arnfinn Kvam  
17.09.: Grete Karin Helle  
30.09.: Roger Egge

### Døyp:

10.07. St. Tomaskyrkja:  
Einar Oliver Skjefte

### Vang sokn:

#### Døyp:

14.08. Helin: Eira Buajore Skøre

### Vigsel:

06.08.: Gro Belsheim og  
Øyvind Rønning Gulli  
03.09.: Marit Heier Lajord og  
Nils Viking Norheim  
10.09.: Camilla Søndrol og  
Daniel Marthinsson

### Stiftinga Torgeir Førns minne

Stiftinga deler ut midlar til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leirar eller kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkja. Søkjarane må vera frå Vang eller Vestre Slidre.

#### Søknad kan sendast til:

Torgeir Førns minne,  
Ellestadvegen 34, 2967 Lomen  
eller e-post:  
torgeirforsminne@yahoo.no

# Gudstenesteliste

**Sundag 23. okt. - 20. s. i treeiningstida**  
**Øye kyrkje kl. 11:00**  
 Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest  
 Laugaland og organist Budvytis

**Sundag 30. oktober - Bots- og bededag**  
**Høre stavkyrkje kl. 11:00**  
 Gudsteneste m/nattverd v/sokneprest  
 Laugaland og organist Budvytis

**Onsdag 2. november**  
**Vang kyrkje kl. 10:30**  
 Morgonsong

**Torsdag 3. november**  
**Vangsheimen kl. 13:00**  
 Andakt

**Sundag 6. nov. - Helgemessesundag**  
**Øye kyrkje kl. 19:00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og  
 organist Budvytis. Minnemarkering for  
 dei i sokna våre som har gått bort sidan  
 sist Allehelgen.

**Sundag 13. nov. - 23. s. i treeiningstida**  
**Heensåsen kyrkje kl. 18:00**  
 Bibellesing

**Sundag 20. nov. - Siste s. i kyrkjeåret**  
**Heensåsen kyrkje kl. 11:00**  
 Gudsteneste m/nattverd v/ sokneprest  
 Laugaland og organist Budvytis

**Høre stavkyrkje kl. 19:00**  
 Kveldsmesse v/sokneprest Laugaland  
 og organist Budvytis

**Sundag 27. nov. - 1. s. i adventstida**  
**Vang kyrkje kl. 11:00**  
 Gudsteneste m/nattverd med LysVaken  
 v/sokneprest Laugaland og organist  
 Budvytis



Foto: Sigrid Lajord Snitjer

**HM HEMSING**  
**MASKIN**

- har betalt denne utsendinga av VANG MENIGHETSBLAD